



Retningslinjer for berekning av eigenandel  
ved langtidsopphald i institusjon  
i  
Vestnes kommune  
(Gjeldande frå 01.01.2024)

## 1. Virkeområde

Desse retningslinjene gjeld utrekning av vederlag/eigenandel ved langtidsopphald i institusjon. Vestnes kommune reknar eigenandel etter «*Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester*» (FOR-2011-12-16-1349). Retningslinjene er eit supplement til lovar og forskrifter på området.

## 2. Opphaldsvedtak og betalingsvedtak

Ved innvilga langtidsopphald på institusjon, vert det fatta to hovudvedtak:

- 1) Opphaldsvedtak: eit enkeltvedtak som stadfestar at ein har fått innvilga langtidsplass på institusjon.
- 2) Betalingsvedtak: eit enkeltvedtak som stadfestar kva bebuaren må betale i eigenandel for å bu på institusjon. Kommunen kan ikkje krevje betaling av sine institusjonsbebuarar utan at det føreligg eit gyldig betalingsvedtak.

## 3. Vilkår og definisjonar

Kommunen kan krevje eigenandel for opphald i institusjon som nemnd i Helse- og omsorgstjenesteloven § 3-2 første ledd nr. 6 bokstav c når kommunen heilt eller delvis dekker utgiftene til opphald i slik institusjon, eller har garantert for opphaldet.

«*Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester*» skill mellom korttidsopphald og langtidsopphald, og det er avgjerande for kva betaling som gjeld:

- 1) Korttidsopphald: tidsavgrensa opphald med frå og til dato, gitt som døgnopphold, dagopphold eller nattopphold. Her gjeld eigne, faste dag/døgnpriser, jfr ovannemnde forskrift § 4, Oppdaterte og gjeldande betalingssatser for Helse – og omsorgstenester finn ein på Vestnes kommune si heimeside.
- 2) Langtidsopphald: opphald i institusjon på ubestemt tid eller tidsavgrensa opphald når vedkomande har vore på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår. Eigenandelen omfattar kost, losji, medisinar, tannbehandling mv, samt helse- og omsorgstenester som kommunen organiserer etter helse- og omsorgstenesteloven. Betaling av eigenandel skjer på bakgrunn av størrelsen på bebuaren si inntekt, med heimel i ovannemnde forskrift § 3. Kommunen kan kreve 75% av grunnbeløpet i folketrygda, trekt i frå eit fribeløp som vederlag. I tillegg kan det kreves 85% av alle inntekter som overstiger grunnbeløpet. Grunnbeløpet er det beløpet/beregingsfaktoren som dannar utgangspunkt for utrekning av pensjon i folketrygda. Dette er eit fast beløp som reguleres årleg.

#### 4. Tidsrom for betaling av eigenandel

For langtidsopphald kan krav om eigenandel først gjerast gjeldande etter ein måned rekna frå innflyttingsdato. Men har bebuaren hatt fleire korttidsopphald, kan kommunen krevje betaling etter reglane for langtidsopphald når vedkomande har vore på institusjon i minst 60 døgn pr. kalenderår. Dette er inkludert døgn på KAD (Kommunal akutt døgnopphald) og avlastningsdøgn på institusjon. Ved flytting direkte frå ein annan institusjon eller privat forpleiing skal tida for opphald i denne institusjon reknast med. Plikta til å yte eigenandel gjeld til og med den dag institusjonsopphaldet opphøyrer.

#### 5. Kommunen si utredningsplikt: foreløpig og endeleg betalingsvedtak

Etter Forvaltningsloven §17 har kommunen ei utredningsplikt. Det vil seie at saka skal være så godt opplyst som mogeleg, før det blir fatta vedtak. Eigenandelen for institusjonsopphald avhenger av bebuaren si inntekt. Det fyrste betalingsvedtaket som fattast er eit foreløpig vedtak, basert på bebuaren si antatte/stipulerte inntekt og utgifter henta frå Skatteetaten/Nav/bebuar/pårørande.

- Inntekt er pensjon frå folketrygda, statens pensjonskasse, KLP, sjømannspensjon, krigspensjon, utanlandsk pensjon. Sistnemnde behandlast etter 50% regelen, nordiske pensjonar er lik folketrygda og behandlast som norsk pensjon.
- Private pensjonar frå tidlegare arbeidsgivar, pensjonsfond, forsikringsselskap, IPS.
- Annan skattepliktig utbetaling = kollektive livrenter, individuelle livrenter, skattepliktig etterlønn og etterpensjon.
- Trygd, som til dømes uføretrygd, arbeidsinntekt, næringsinntekt, leigeinntekt, renter eller anna avkastning av formue som utbytte på aksjar og verdipapir.

Endringar i bebuaren si inntekt kan medføre at det blir naudsynt å fatte nye betalingsvedtak i den tida pasienten bur på institusjon.

#### 6. Etteroppgjer – ei årleg kontrollberekning

For at eigenandelen skal bli korrekt berekna er det naudsynt med ei årleg kontrollberekning – med eit eventuelt etteroppgjer. Hovudprinsippet er at eigenandelen skal bli så korrekt som mogleg, sjølv om dette fyrst skjer i ettertid. Det blir tatt ei årleg kontrollberekning av alle bebuarar som er på langtidsopphald, etter fastsetting av formue – og inntektsskatt. Det er fyrst når skatteoppgjeret for føregåande år er ferdig at kommunen får full oversikt over bebuaren sin økonomi, slik at riktig eigenandel for fjoråret kan bli fastsett. Vestnes kommune utfører difor årleg kontrollberekning i perioden august til og med desember.

#### 7. Frådrag i berekningsgrunnlaget

Det er fire typar frådrag i «*Forskrift om egenandel for kommunale helse- og omsorgstjenester*» jfr. § 3 fjerde ledd og § 5:

- 1) Frådrag (forsørgjarfrådrag) for heimebuande ektefelle/sambuar og/eller born:  
Frådraget skal minst tilsvare dei brutto pensjonsytingar ektefelle/born ville fått frå folketrygda dersom institusjonsbebuaren var død. Dersom ektefelle/sambuar/born mottek arbeidsinntekt eller pensjon frå folketrygda, skal brutto pensjonsytingar

reducerast krone for krone mot ektefelle/sambuar/born si arbeidsinntekt og pensjon frå folketrygda. I tillegg skal det gjerast frådrag med eit beløp tilsvarande 50% av bebuaren si brutto offentlege pensjon etter samordning – samt 50% av bebuaren si brutto private pensjonsytning. Frådrag kan også fastsettast på grunnlag av kva som er rimeleg ut frå vedkommande si inntekt og situasjon forøvrig. Dersom det i særlov er gitt bestemmelsar om minsteyting under opphald på institusjon mv. skal desse leggest til grunn. Frådrag skal skje etter at skatt og gjeldsrenter er trekt i frå inntekta.

- 2) Skatt: Skal trekkast i frå inntektene før vederlag bereknast. Dette gjeld også inntekter utover det som utbetalast frå Nav. Som med inntekter veit ein ikkje før i ettertid kva som er riktig skatt i det året som det krevd vederlag for. I det foreløpige vedtaket som ligg til grunn må skatt stipulerast til antatt skatt for året. Her nyttast fastsett forskotsskatt. I etteroppgjering brukast som hovudregel den utlikna skatten som kjem frå av skatteoppgjering. Formueskatt er ikkje frådrag, og vert trekt ut av utlikna skatt. Formue ikkje er å sjå som inntekt. Ved utanlandsk pensjon gjeld beløpet under Kredittfrådrag - inntekt som skatt betalt i utlandet og dermed skattefrådrag i vår utrekning.
  - 3) Gjeldsrenter: Ein bebuar skal ha frådrag for alle renteutgifter for gjeld han sjølv heftar for. Det avgjerande er at bebuaren har stifta gjelda og difor også er ansvarleg for den. Bebuar har ikkje krav på frådrag for avdrag på lån.
  - 4) Skjønsmessige frådrag: Kommunen kan berekne frådrag i berekningsgrunnlaget utover dei ovannemnde frådraga, men då under føresetnad av at frådraget er rimeleg ut frå bebuars inntekt og øvrige forhold. Det er viktig å presisere at dette ikkje er ein ubetinga frådragsrett. Bu - utgifter, avdrag på gjeld og underskot i næring er eksemplar på utgifter som det kan være rimeleg å gi skjønsmessig frådrag for.
- Frådrag for bu-utgifter:  
Frådrag for dokumenterte bu-utgifter vert som hovudregel ikkje gjeve for meir enn 3 månadar. I særskilte tilfelle kan det gjevast frådrag for dokumenterte bu-utgifter i inntil 6 månadar. Som bu-utgifter vert her følgjande medrekna: husleige i form av fellesutgifter, kommunale avgifter/eigedomsskatt, straum/oppvarming, hus- og innbuforsikring, samt vanleg husleige. Frådrag for bu-utgifter vert ikkje gjeve til bebuarar som i siste skattemelding før innflytting i institusjon har bankinnskot tilsvarande 0,5 G eller meir. Frådrag gis ikkje dersom bustad leigast ut eller busettast av andre. Frådrag skal skje etter at inntekta er trekt frå skatt og gjeldsrenter.
  - Avdrag på gjeld, underskot i næring:  
Desse har ingen direkte frådragspost etter eigenandelsforskrifta, men det kan i særlege tilfelle være forhold som gjer at kommunen kan ta i betraktning i den skjønsmessige frådragsdelen.

## 8. Klage og omgjering

Ved klage på vedtak om betaling av eigenandel gjeld bestemmelsane i pasient- og brukerrettighetsloven kapittel 7. Fristen for å framsette klage er 4 - fire – veker frå vedtak om eigenandel er motteke. Klage skal sendast til Vestnes kommune ved Tenestekontoret.